

Protokoll

Møtenummer : 4/2014-2016

Dato : 1.desember 2014
 Klokka : kl 16.00- 19.30
 Stad : Idrettens Hus, Førde
 DM : 719263

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Isane, Aud Kari	X			
1.vara Heien, Ingrid	X			
2.vara Grimseth, Stian			X	
Leversund, Anne, organisasjonssjef	X			
Narum, Ingrid, plan- og utviklingsleiar	X			
Breilid, Ingar, fagkonsulent	X			
Benjaminsen, Erling, økonomikonsulent	X			

Møteplan - neste styremøte:

Måndag 1.desember
 Måndag 19.januar
 Måndag 2. mars
 Måndag april. Ny dato. Eventuelt telefonmøte.
 Måndag 11.mai (idrettsting 5-7 juni)
 Måndag 15.juni

Representasjon:

Anleggskonferanse Førde	23.09.2014	Ingrid/Ingar/Anne
Sogn og Fjordane Høgre, Balestrand	17.10.2014	Nils R Sandal/Anne Leversund.
Medieseminar Jan Atle Stang	27.10.2014	Styret + Adm+ SK
Innspelskonferanse. Fylkestinget i S & Fj	04.11.2014	Nils R Sandal/Anne Leversund
Miljøhelg SFFK	15.11.2014	Ingar Breilid
Grenselause Idrettsdager , Førde	15.11.2014	Ruth Sølvi Helland + adm.
Årsmøte Vågsøy Idrettsråd	20.11.2014	Ingar /Ingrid

Nytt frå administrasjonen- Orienteringssaker

- Revidering møteplan .
 - Referat frå arbeidsgruppa «framtidens utøvarar»
 - Informasjon om arbeidet med pågåande prosjekt.
 - Informasjon spissa satsing i vidaregåande skule.
 - Innspel til nytt IPD
 - Oppdatert aktivitetsplan. Sjå vedlegg
 - Handlingsprogram regional plan for folkehelse
 - Status handlingsprogram
 - Utviklingsavtale Sogn og Fjordane Fylkeskommune
 - Idrettstinget 2015
 - Idrettsgallaen 2015
- Ingar
Ingar /Ingrid
Anne
Anne
Ingrid **DM- 709273**
Anne/Ingar
Ingar
Anne

SAKER :

- 11 2014 – 2016 Protokoll frå førre møte
- 12 2014 - 2016 Økonomisk oversikt pr 31.10.2014
- 13 2014 – 2016 Budsjett 2015.
- 14 2014 – 2016 Opplysning av idrettslag.
- 15 2014 – 2016 Rammebetingelsar for Idrettskretsane.
- 16 2014- 2016 Idrettssenteret AS
- 17 2014- 2016 Godkjenning av Lån til Sofik A/S

Sak 11 Protokoll frå førre møte

Vedtak: Teken til orientering.

Bakgrunn: Jfr. protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr. 3/2014-2016. 19-20.09.2014

DM- 707903

Sak 12 Økonomisk oversikt pr. 31.10.14

Vedtak: Teken til orientering

Bakgrunn: Sjå vedlagde økonomisk oversikt pr. 31.10.14.

Sak 13 Budsjett 2015

Vedtak: Administrasjon og Idrettskrinsstyret tek drøftingane med i vidare arbeid med budsjett for 2015. Endeleg budsjett vert å vedta på styremøte 02.03.15.

Bakgrunn: Utkast til førebels budsjett for 2015 vert gjennomgått.

Sak 14 Opplysning av idrettslag.

Vedtak:

1. Idrettskretsstyret viser til NIF si lov § 2 – 3 (3) som heimel for handsaming av saka. Med grunnlag i nemnde vert idrettslaga oppløyste:
Stryn Golfklubb.
2. Innkomne midlar: kr. 1.111,56 vert brukt til delvis dekking av idrettskrinsen sine utgifter i arbeidet med oppløysinga.

Bakgrunn:

1. Knytt til medlemsundersøkinga 2014 i regi av Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF), vart Stryn Golfklubb teke under administrasjon av Sogn og Fjordane Idrettskrins etter ønskje frå nemnde idrettslag. Oppløysingsprosessen er gjennomført i samsvar med NIF si lov på området.
2. Innkomne midlar:
Stryn Golklubb kr. 1.111,56 vert brukt til delvis dekking av idrettskrinsen sine utgifter i arbeidet med oppløysinga.

Sak 15 Intern høyring- rammebetingelsar for idrettskretsane.

Vedtak: Idrettskrinsstyret godkjenner høyringsuttalen til høyring 1.
Idrettsstyret vedtek følgande prioriteringar til høyring 2.
Modell 1 – 3
Modell 2 – 2
Modell 3 – 1

Meiner IK at antall IL fortsatt skal nyttast i staden for antall medlemskap ?
Idrettskrinsstyret meiner at svaret på spørsmålet er: **nei**

Bakgrunn: Programkomiteen fekk mandat frå krinsleiarmøtet i NIF til å utarbeide forslag til intern fordeling av rammetilskot til Idrettskretsane.
Forslaget vert deretter lagt ut til votering blant idrettskretsane, og endeleg framlegg vert oversendt idrettsstyret innan budsjettbehandlinga i januar 2015.
Framlegg til høyringsuttale. 1 har tidlegare vore handsama pr mail .

DM – 715906

Høyring 2. Rammevilkår for idrettskrinsane. Oppsummering og votering der styret skal ta stilling til dei tre modellane .Saka vart lagt fram i møtet .

Sak 16 Idrettssenteret AS .

Vedtak: Arbeidsgruppa orienterte. Dei fortsetter arbeidet

Bakgrunn: I styremøte 3/2014-2016 vart det nedsett ei arbeidsgruppe som skulle sjå på Sogn og Fjordane Idrettskrins sitt eigarskap i Idrettssenteret AS .

Det har vore avvikla eit møte i arbeidsgruppa , samt at styreleiar og org. sjef har hatt eit møte med den andre eigaren, Sogndal Fotball .Styret ynskjer å bruke noko tid før dei fattar beslutning i saka
Vidare framdrift i saka, vert å fortsette å diskusjonen i styret .

Sak 17 **Lån til Sofik AS**

Vedtak: Sogn og Fjordane Idrettskrins gjev Sofik AS eit lån på kr. 650.000,- med ei rente på 3,5 %.
Lånet nedbetalast som eit annuitetslån med ei avdragstid på 6 år.

Bakgrunn: Sofik AS treng meir kapital pga. oppsett av utvendige persienner etc.
I staden for å auke lånet i Sparebanken Sogn og Fjordane vil det vere meir gunstig å låne pengane av Idrettskrinsen. Da betaler Sofik AS rente til Idrettskrinsen i staden for til banken. Vi ønskjer difor at Sofik AS betalar ut lånet i banken og tek opp eit nytt lån av Sogn og Fjordane Idrettskrins på kr. 650.000,-. Renta vert sett til noko under marknadsrente, 3,5 %.


Anne Leversund
Org.sjef